



Status og råd


Bestanden er i god stand og over langtidsgjennomsnittet (1946–2011). Gytebestanden er på eit historisk høgt nivå. Årsklassane 2004 og 2005 er godt over gjennomsnittet, medan årsklassane 2006–2010 er på eller litt i underkant av gjennomsnittet. 2011- og 2012-årsklassane var rekordsterke på 0-gruppetadiet, men det er usikkert kor sterke dei vil vise seg å vere på seinare alderstrinn. Bestanden auka sterkt frå 2006 til 2009, og totalbestanden har sidan 2009 vore på om lag 3,5 millionar tonn. Bestanden blir forvalta av Noreg og Russland i fellesskap. Den gode bestandssituasjonen skuldast i stor grad at ein har følgd forvaltingsplanen i fleire år. Torsken har dessutan spreidd seg utover eit større leveområde i Barentshavet dei siste åra, noko som truleg heng saman med høge temperaturar og store isfrie område. Vekst og kjønnsmodning ser så langt ikkje ut til å vere påverka av endringane i bestanden.

Fiskeri

Totalkvoten for 2011 var 703 000 tonn, medan den totale internasjonale fangsten var 720 000 tonn. Norsk fangst utgjorde 332 000 tonn i 2011. Andre fangstnasjonar er i rangert rekkefølge: Russland, Færøyaner, Spania, Island, Storbritannia, Grønland, Tyskland, Polen, Portugal, Kviterussland og Frankrike. Om lag 70 % av årsfangsten blir tatt med botntrål, resten blir fiska med garn, line, snurrevad og juksa. Fisket i 2011 vert rekna som berekraftig.

Nordlegare gyting

Ein stadig større del av den gytemodne torsken (skrei) vert fiska nord for det tradisjonelle hovudgyteområdet i Lofoten. Mykje skrei er tatt langs kysten nordover frå Lofoten til Sørøya (eit tradisjonelt gyteområde) og også på kysten av Vest-Finnmark. Fenomenet er ikkje nytt; også i perioden 1930–1950 var det ei nordleg gyting. Dette veit vi frå fangststatistikkar (leveransar av rogn og torsk fordelt på område langs kysten). I perioden 1930–1950 var det varmare enn normalt i havet, slik det også er i dag, og dette trur vi er ein av hovudgrunnane til at gyteområda har flytta seg nordover.



Bestand og fangst av nordaustarktisk torsk.
Stock size and landings of Northeast Arctic cod.

Kontaktperson: Bjarte Bogstad | bjarte.bogstad@imr.no

NORDAUSTARKTISK TORSK

Torsk – *Gadus morhua*

Andre norske namn: Skrei, jedd, jadd, bruning

Familie: Torskefamilien

Maksimal storleik: 169 cm og 55 kg

Utbreiing: Barentshavet

Hovudgyteområde: Lofoten/Vesterålen

Gytetidspunkt: Mars–april

Føde: Fisk og krepssdyr

Nøkkeltal:

AVTALT KVOTE 2013: 1 000 000 tonn,

norsk kvote: 440 740 tonn (ekskl. kysttorsk)

AVTALT KVOTE 2012: 751 000 tonn,

norsk kvote: 336 196 tonn (ekskl. kysttorsk)

FANGST 2011: 720 000 tonn,

norsk fangst: 332 000 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2011: Ca. 3,9 milliardar

kroner



Fakta om bestanden:

Torsk er ein rovfisk tilknytt botnen, men i Barentshavet kan han i delar av året opphalde seg mykje i dei frie vassmassane. Ungfisk (0–2 år) et mykje dyreplankton, medan fisk og botnorganismar er viktigast for den eldre torsken. Dei viktigaste gytefelta for nordaustarktisk torsk er i Vesterålen/Lofoten. Egga blir gytt i frie vassmassar i februar–april. Både egg og larvar driv med straumen inn i Barentshavet, der yngelen botnslår seg seint på hausten. Mesteparten av bestanden finn ein i Barentshavet, på den varme sida av Polarfronten (til ca. 76°N og 50°Ø). I varme år går utbreiinga lenger nord og aust. Såleis finn ein hausten 2012 torsk heilt nord til 82°30'N (nord for Frans Josef Land) og aust til 59°Ø (vest for nordspissen av Novaja Semlja).

Den nordaustarktiske torsken er den største torskebestanden i verda. Andre havbestandar av torsk finst ved Island, Færøyaner, i Austersjøen, Nordsjøen og Irskesjøen, vest av Skottland og i Georges Bank- og Newfoundland-områda i Nordvest-Atlanteren. I tillegg finst det lokale kyst- og fjordbestandar langs kysten av Noreg, Sør-Grønland og Canada.